



Tremannsbustaden kjem å ta seg vakkert ut.

**Det har i det siste vore stor aktivitet når det gjeld fleire sider ved utviklinga av Nedre Halsane Byggefelt. Det gjeld både for praktisk tilretteleggjing og markadsføring av dette flotte byggjefeltet sentralt i bygda. Totalt inneheld feltet 10 bueiningar fordelt på ein einebustad, 3 tomannsbustader og 1 tremannsbustad.**

Det har i det siste vore utført utgravings-, tilretteleggings- og planeringsarbeid for dei ulike husa. Dessutan har dei utvikla ei god og informativ heimeside. På denne vil dei oppdatere interesserte om framdrifta og utviklinga av byggjefeltet. Her finn ein også oversikt over dei ulike leilighetene dei tilbyr med teikningar og prisar. Det er også ein god prentasjon av bygda vår. Nedre Halsane Byggefelt har også kjøpt annonseplass her på uskedalen.no, og ein finn lett fram til heimesida deira ved å klikka på annonsa deira som no ligg øvst i høgre kolonne.

Det er altså totalt 10 bueiningar i feltet og 4 av desse er alt selde. Det gjeld einebustaden, to av leilighetene i tremannsbustaden og ei leilighet i tomannsbustadene. Resten er ledige slik at det no er mogeleg å sikra seg leiligheter sentralt i Uskedalen med flott utsikt til i underkant av 2,3 millionar. Storleiken varierer frå 96 til 110 kvm grunnflate, og leilighetene er husbankfinansierte.

Elles er det verd å ta både ein kikk på heimesida, og ein tur opp i feltet for å få stadfesta at det vert flott utsikt.



Sjølv i gråver er det flott utsikt frå feltet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og frå heimesida deira.